

Radioaktiv forureining

Våre havområde er blitt tilført menneskeskapt radionuklid i over eit halvt hundreår. De to viktigaste kjeldene er nedfall frå kjernefysiske prøvespregningar på 50- og 60-talet og utslepp frå represseringsanlegg i Europa. Aktiviteten av radioaktivt cesium (Cs-137) er målt i overflatesediment i heile Barentshavet. Området mellom Bjørnøya og Svalbard utmerkar seg med noko høgare radioaktiv stråling enn sedimenttypen skulle tyde på. Området blir studert nærare for å finne årsaka til dei høge aktivitetane. Ein teori som blir undersøkt, er om dette er knytta til opptak av radionuklid i den store produksjonen av planteplankton i området. Planktonet vil med tiden døy og delar bli transportert til botnen. Slik kjem materialet i sedimentprøvene som blir analyserte. Ei annan mogleg årsak som blir undersøkt er om dei forhøga nivåene av Cs-137 har samband med at området mellom Bjørnøya og Svalbard er eit område fri for ismelting. Det kan tenkjast at isen transporterer med seg sand og partiklar som inneheld radionuklid som stammar frå estuariene ved utløpa av de store russiske elvane Ob og Yenisey. Materialet vil synke ned til botnen når isen smeltar.